

Notat

Kulturmidlar 2019 - tilskot til prosjekt og tiltak. Vurdering og vedtak.

Samla oversyn:

Søkjar	Tiltak	Budsjett	Søkn.sum	Tilskot
Svelgen opp og fram	Skovlhjul i Svelgen sentrum: Straum og inntekter	395 891	100 000	-
Forbundet Kysten	Filmproduksjon og premiere delprosjekt Nordfjord, trebåtbygging	810 000	70 000	30 000
Ivar Orvedal	Tiltaket Hildir. Vidareføring av "Stad 2019", utviklingsarbeid med å skape ein arena for born og unge i møte med profesjonelle kunstnarar	275 000	25 000	-
Ivar Orvedal	Postreptila.	346 000	30 000	-
Bengt Ronny Landøy-Midtbøen	Dokumentasjon av lokalhistorie, fiskerihistorie, krigshistorie og om forlis/ulykker	40 000	50 000	-
Svelgen turn- og idrettsforening	Deltaking i volleyball NM U15	184 650	30 000	-
Indre Sogn Kystlag	Restaurering av Storbåten.	414 977	66 477	-
Stiftinga Sogndal Folkehøgskule	Digital formidling av folkehøgskulen si historie siste 50 åra, i høve 150-års jubileum for skulen.	225 000	125 000	-
Lærdal seniordans	Dansekvelder kvar veke haust/vinter/vår, samt danseoppvisningar.		4 000	-
Krunhjorten 4H	Fellesprosjekt i klubben: Grillhytte og reiskapsbod på "Krokettplassen"	231 000	30 000	-
Solund skulemusikkorps	Seminar for vennskapskorps ei helg i september.	224 600	80 000	-
Stiftelsen Muntheuset i Ytre Kroken	Utstilling i samband med 200-års jubileum for Johannes Flintoe sitt første besøk i Kroken, starten av den nasjonalromantiske epoken i målarkunsten.	195 000	60 000	-
Akademiske maur (Svanøy viseklubb)	Pop up viseworkshop for unge	33 500	28 500	-
Det Kongelige Selskap for Norges Vel	Etablering av Economuseum for å hjelpe bedrifter i å ta vare på	910 000	300 000	-

	kulturarv og oppnå økonomisk lønsemd.			
Sogndal songlag	Jubileumsfeiring i høve 140-års jubileum	240 000	50 000	-
Dag Asle Mykløen	Ferdigstilling av prosjektet "historisk film Oldedalen"	290 000	60 000	-
Mari Askvik	Fem i stein, kyrkjekunstserie i fem middelalderkyrkjer i Indre Sogn	622 000	70 000	50 000
Espen Selvik	Gulen-festivalen, tema Henrik Wergeland	25 000	15 000	-
Janne Karin Støylen	Vandringsbok for Kongevegen	450 000	150 000	-
Førde volleyballklubb	Førde, volleyballens mekka. Satsing internasjonalt og nasjonalt / rekruttering	560 000	250 000	-
Luca Berti	Fotoprojekt og utstilling, Kongevegen over Filefjell	315 000	52 500	-
Grindstone Security Dag Sørebo	Grindstone Security	200 000	50 000	-
Sum:	22 tiltak	6 987 618	1 696 477	80 000

Vurdering og vedtak:

Tiltak:	Skovlhjul i Svelgen sentrum	Søkjar:	Svelgen Opp og Fram		
Innhald:	<p>Svelgen Opp og Fram har m.a. som mål å gjere Svelgen sentrum til ein triveleg stad. Sentrum skal og gjenspeile at det er vasskrafta som har bygt opp Svelgen.</p> <p>Siste halvannen år har Svelgen Opp og Fram jobba med å få på plass eit skovlhjul i sentrum. Skovlhjula har i 50 år skaffa straum og gitt inntekter til kommunar og eigarar. Svelgen Opp og Fram ynskjer gjennom arbeidet å ta vare på denne utrulege historia og lage ei fin ramme rundt ein verdiskapar gjennom tre generasjonar. Dei søker støtte til å gje den grøne verdiskaparen eit verdig minnesmerke.</p>				
Vurdering:	<p>Eit positivt tiltak for å løfte Svelgen sentrum og vise fram industrihistoria.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er vurdert til å vere lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	395 891	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Filmprosjekt: «Handlingsbåren kunnskap – frå tanke til båt»	Søkjar:	Forbundet Kysten
Innhald:	<p>Forbundet Kysten planlegg eit filmprosjekt om båtbygging der tre byggeprosjekt blir følgd frå start til sjøsetting og bruk, med fokus på lærlingen og framtida. Filmen vil følgje lærlingen og meisteren i prosessen. Dei tre byggeprosjekta vil finne stad på Kjerringøy i Nordland, Bragdøya i Vest-Agder og Sandane i Sogn og Fjordane. Gjennom filming i tre landsdelar vil Forbundet Kysten vise fram «artsmangfaldet» av norske klinkbygde tradisjonsbåtar.</p> <p>Båttypene er ein del av kulturarven på staden, forma av naturen og menneska sitt liv og virke. På Sandane har Andreas Mardal (f. 1884) fått høve til å bygge tre Nordfjordbåtar i lag med Kristen Arnestad (f. 1939) som er ein nestor på feltet. Filmteamet vil fokusere på kunnskapsoverføringa mellom desse to. Materialet frå Nordfjord vil verte del av ein 30 minutt film i lag med prosjekta i Nordland og Vest-Agder.</p>		

	<p>Filmprosjektet har fått innvilga støtte på kr 400 000 frå Norsk Kulturråd og på kr 200 000 frå Sparebankstiftelsen DnB. Med en delfinansiering frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil Forbundet Kysten også klippe saman ein eigen film om Nordfjordbåten. Filmen vil bli gjort tilgjengeleg for museum og institusjonar i Sogn og Fjordane som ønskjer å bruke den i formidlingsarbeid.</p> <p>Det er lagt ved totalbudsjett for heile filmprosjektet og for delprosjektet i Nordfjord, samt støttebrev frå Nordfjord Folkemuseum, som er svært positive til tiltaket og til å kunne nytte filmen i si formidling.</p>				
Vurdering:	<p>Filmprosjektet vil løfte kunnskapen om båtbyggekunst og formidle denne til framtidige generasjonar. Eit positivt tiltak med støtte nasjonalt.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Tiltaket vil vere med å byggje opp under mål i regional plan for kultur 2019-2027 innan kulturminne og formidling. Fylkesdirektøren støttar tiltaket.</p>				
Budsjett:	810 000	Søknadssum:	70 000	Vedtak:	30 000

Tiltak:	Hildir	Søkjar:	Ivar Orvedal		
Innhald:	<p>Gjennom «Hildir» skal Stad sin makelause natur, mytologi og kulturminne vere arena for inkluderande arbeidsverkstad og framføring. Born og unge får arbeide saman med profesjonelle utøvarar innan litteratur, musikk, dans og humaniora for å skape ei stadeiga framføring der ein løftar fram det som er særlege ved staden og ressursane der.</p> <p>Arrangøren vil invitere barn og unge frå Ytre Stad ballett- og danseskule, kulturskulen og andre lokale kulturaktivitetar til å arbeide saman med profesjonelle kunstnarar. Viktige tema ein ønskjer å granske er geologi og landskapsform, og Selja si fortid som pilgrimsmål, arena for Sunnivakulten og som minnesmerke frå tida som Norges åndelege hovudsete ved sidan av Bergen og Oslo. Den norrøne myten om Hild som handlar om uredde kvinner som sette seg i mot- og skapte uorden i familiefedrene si samfunnsordning er tema. Likeeins ei nyoppdaga helleristning, "Båt i berg" frå bronsealderen, samt Hovden, krigsanlegg bygd av russiske fangar under okkupasjonstida.</p> <p>Arrangør er Mårenbiennalen som har knytt til seg m.a. lokale krefter i området og profesjonelle kulturutøvarar. Arbeidsverkstaden og framføringa skal leggjast til Stadlandet i Selje kommune. Tiltaket fekk i 2018 kr 10 000 i tilskot av Sogn og Fjordane fylkeskommune til å starte opp førebuande prosjektutvikling. Tiltakshavar søker no om støtte til fullføring av utviklingsarbeidet, slik at tiltaket blir realisert i 2019 som planlagt. Tittelen er endra frå "Stad 2019" til "Hildir". Tiltaket er også støtte av m.a. Norsk kulturfond og Selje kommune, og ein søker Fritt Ord om støtte.</p> <p>Arbeidet med «Hildir» er også førearbeid til arrangement som kan markere at Selje og Eid kommune blir slått saman til Stad kommune.</p>				
Vurdering:	<p>Eit spennande og nyskapande tiltak som byggjer vidare på prosjektet «Stad 2019», som var støtta av m.a. Fylkeskommunen.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er vurdert til primært å vere lokalt.</p> <p>Vi vil tilrå søker å sjå på om det kan vere mogleg å få gjennomført tiltaket gjennom Den kulturelle skulesekken. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	275 000	Søknadssum:	25 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Postreptilia	Søkjar:	Ivar Orvedal		
---------	---------------------	---------	---------------------	--	--

Innhald:	<p>Gjennom Postreptilia vil søkjaren skape ei framføring som også skal dokumenterast og formidlast i form av eit kunstnaralbum. Søklar har mål om at samhandling mellom tone, ord og skrift etterkvart skal gjenspegle seg i eit særeige produkt av high end vinylpress og grafisk trykk.</p> <p>Det er søkt tilskot til den delen av tiltaket der ein arbeider med utvikling av sujett og tekst. Ein har mål om å skape eit samtidsuttrykk som er både nytt og tidlaust og løfte dei eldste teikna vi kan finne frå tidlege kultursamfunn, brotstykke av språk som ennå ikkje er oppsmuldra og utviska. Dette vil ein sjå i lys av vår tids daglegtale og dagens relevante kulturelle og kunstnarlege rituale.</p> <p>Arena for musikkdelen er Uranienborg kirke som har eit av landets finaste klokkespel og der bakgrunnstøy frå byen skal vere ein del av eit dynamiske og transparente klangbilete. Basen for prosjektutvikling, skriving og tilrettelegging av tiltaket er i Sogn og Fjordane. Ein vil nytte nynorsk i produksjonen. Teksten skal også oversetjast til engelsk.</p> <p>Partitur og tekst skal utviklast og utarbeidast av Ivar Orvedal. Vidare utforming blir i samarbeid med Laura Marie Rueslåtten (klokkenist i Oslo rådhus), Geir Sundstøl (multimusikar og medprodusent), Helene C. Jenssen (kalligraf, utforming utstilling og kunstnaralbum) og Aud Gloppen (grafisk designer og konsulent).</p> <p>Tiltaket skal dokumenterast i ei utgjeving av Orb Compendium som har avtale med Musikkoperatørene. Søklar har også intensjonsavtale med SolumBokvennen, og målet er at ein i tillegg til sal i Norge skal eksportere kunstnaralbumet til marknader andre stader i verda. Tiltaket er støtta av Norsk kulturråd, kunstfagleg prosjektstøtte og Fond for utøvende kunstnere. Ein har også søkt midlar hos Fritt Ord og via Norsk kulturråd si produksjonsstøtteordning.</p>					
Vurdering:	<p>Eit spennande tverrfagleg kunstprosjekt, som er støtta nasjonalt.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men nasjonalt og internasjonalt. Det meste av aktiviteten skal skje utanfor fylket, slik vi les søknaden. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>346 000</td> <td>Søknadssum:</td> <td>30 000</td> <td>Vedtak:</td> <td>0</td> </tr> </table>	346 000	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	0
346 000	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	0		

Tiltak:	Lokalhistorisk dokumentasjon / lokalsoge	Søklar:	Bengt Ronny Landøy-Midtbøen
Innhald:	<p>Søkjaren vil gjennom intervju og nedteikningar frå desse bevare lokalhistoria som i dag finst hos dei eldre på øyar i Askvoll. Målet er at desse blir bevart i ei lokalsoge, som blir lagt ut for sal og at lokalhistoria dermed blir gjort kjent for framtidige generasjonar.</p> <p>Landøy-Midtbøen har sidan hausten 2014 intervjuar rundt 70 pensjonistar i tema som lokalhistorie, fiskeri-historie, krigshistorie og om forlis og ulykker. Han byrja med rundt 40 emne frå eigen barndom, men har i dag rundt 400 emne. Søkjaren har kjøpt store mengder litteratur, som i stor del omhandlar lokalhistorie og lokal krigshistorie.</p> <p>Arbeidet vil ta mange år, og søkjaren ber om kulturmidlar for å dekke private midlar som blir lagt ned i prosjektet.</p>		
Vurdering:	<p>Eit viktig arbeid for å dokumentere lokalhistorie knytt til øysamfunn, fiskeri og krigens dagar.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. Fylkeskommunen oppmodar søklar om å søkje kommunen om støtte, og om å jobbe med budsjettet for tiltaket. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>		

Budsjett:	40 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0
-----------	--------	-------------	--------	---------	----------

Tiltak:	Deltaking i Volleyball NM U15	Søklar:	Svelgen turn og idrettsforening		
Innhald:	<p>Svelgen turn og idrettsforening sine G15 og J15-lag i volleyball har kvalifisert seg til NM i Tønsberg 2019. Begge desse laga er best i sin klasse i Sogn og Fjordane, og skal derfor delta i NM.</p> <p>Det er eit stort økonomisk løft å delta i NM, og foreininga søker derfor om støtte frå kulturmidlane.</p>				
Vurdering:	<p>Det er flott at Svelgen turn og idrettsforening sine G15 og J15-lag i volleyball har kvalifisert seg til NM!</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. Fylkeskommunen støttar Sogn og Fjordane idrettskrins sine tiltak der særkrinsane sin aktivitet skal støtte lokale lag. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	184 650	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Restaurering av Storbåten	Søklar:	Indre Sogn Kystlag		
Innhald:	<p>Indre Sogn Kystlag søker om midlar til restaurering av Storbåten til Mari Jens garden på Nordnes i Sogndal kommune. Storbåten er bygd i ca. 1880, og er ein sognebåt med akterspeil, rigga for råsegl. Ein minijekt/føringsbåt, slik dei bygde båtar på Henjesanden og Systrond. Båtbygger var truleg Ola Sjuson Dalen, som var i slekt med båtbygger Svein Henjesan i Eide.</p> <p>Truleg er dette den einaste storbåten igjen i Sognefjorden som lar seg restaurere. Formålet gjennom arbeidet som involverer mange til dugnad er å lære andre historia og kunnskapen om klinkbygde tradisjonsbåtar, og å lære å segle med råsegl. Gjennom midlar til å restaurere Storbåten vil kystlaget formidle og ta vare på både vår materielle og immaterielle kulturarv.</p>				
Vurdering:	<p>Eit godt tiltak for å løfte kunnskapen om lokal båtbyggekunst, som er støtta av m.a. kulturminnefondet.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	414 977	Søknadssum:	66 477	Vedtak:	0

Tiltak:	Digital formidling av folkehøgskulen si 150-årige historie	Søklar:	Stiftinga Sogndal folkehøgskule
Innhald:	<p>Sogndal folkehøgskule fyller 150 år i 2021, og søker om midlar til digital formidling av folkehøgskulen si historie med vekt på dei siste 50 åra. Til skulen sitt 100-års jubileum skreiv Kjell Bondevik 100-årssoga.</p> <p>Søknaden gjeld i hovudsak dokumentasjon av folkehøgskulen sin aktivitet og betydning dei siste 50 åra. Gjennom digital formidling av livet på folkehøgskulen ønskjer ein å nå breitt ut, og ikkje minst treffe yngre generasjonar. Målgruppa er noverande og tidlegare elevar, lokalsamfunnet, Vestland fylke og folkehøgskulerørsla. Verkemidla vert skriftleg dokumentasjon gjennom artiklar og publikasjonar, bruk av bildestoff og video. Stoffet vert i hovudsak formidla som digital historefotelling. Til å gjennomføre prosjektet ønskjer</p>		

	skulen å engasjere frilansjournalist Oddrun Midtbø.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser positivt på Sogndal folkehøgskule sitt arbeid med dokumentasjon av historia knytt mot 150-års jubileet 2021.				
	Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. I retningslinene for kulturtilskot blir det slått fast at det ikkje vert gjeve tilskot til utgjeving/publisering av litteratur eller jubileumsmarkeringar. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	225 000	Søknadssum:	125 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Dansekveldear og oppvisningar	Søkjar:	Lærdal seniordans		
Innhald:	Lærdal seniordans søker om midlar til dansekveldear kvar veke i haust/vinter/vårhalvåret. Gjennom tilbodet får ein auka aktivitet i lokalsamfunnet og sosial kontakt.				
	Laget dansar til oppvisning på "Lærdalsmarknaden" og til underhaldning på Lærdal bu- og omsorgsheim, og har elles samkome med danseringar i nabokommunane.				
Vurdering:	Eit viktig tilbod for folkehelse, trivsel og lokal aktivitet for eldre!				
	Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:		Søknadssum:	4000	Vedtak:	0

Sakshandsamar: Sissel Lillebø Aarseth

Tiltak:	Fellesprosjekt: Grillhytte og reiskapsbod på Krokettplassen	Søkjar:	Krunhjorten 4H		
Innhald:	Krunhjorten 4H jobbar med å få oppført ei grillhytte og ei reiskapsbod på «Krokettplassen» i Ålfoten i Bremanger kommune. «Krokettplassen» er ein utandørs samlingsplass i bygda med sandvolleyballbane, hesteskobane, krokettbane, samlingsplass med bord og benkar, klatrevegg, grillmoglegheit, sandkasse og trampoline. I sommarhalvåret er plassen veldig mykje brukt av ungane og ungdommane i bygda vår, og av andre ferierande barn og unge.				
	Krunhjorten 4H har 30 medlemmer i alderen 10 til 18 år, og 19 av medlemmane har i år gått saman om eit fellesprosjekt på Krokettplassen. Dei vil vidareutvikle samlingsplassen og legge til rette for endå meir aktivitet. Grillhytta vil vere samlingslokale når det regnar og på kveldstid når det er kjølig ute. Det er også behov for å setje opp eit reiskapshus for å lagre og ivareta utstyr.				
Vurdering:	Eit flott tiltak for og med ungdomar som vil skape auka aktivitet og ein møtestad i naturen.				
	Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	231 000	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Glade musikantar i vest 2019	Søkjar:	Solund skulemusikkorps		
Innhald:	Solund Skulemusikk skal hausten 2019 arrangere seminar for vennskapskorps. Solund, Hyllestad, Salhus Hordvik, Byrknes og Lavik vert invitert til samling i Solund ei helg i september. Planen er at over 100 musikantar, samt foreldre og leiarar skal samlast i to til tre dagar. Korps i nabokommunar og også på tvers av fylkesgrenser er inviterer til samling				

	<p>med øving og instruksjon med instruktørar med stor fagleg kompetanse. Det blir også mykje sosialt og stort fokus på meistring.</p> <p>Solund skulemusikkorps satsar på fellesskap på tvers av kommunegrensene og fylkesgrensene. På fellessamlinga hausten 2019 vil ein leige inn seks dirigentar / instruktørar. Det vil gje høg kompetanse, meistring og utvikling.</p> <p>Solund Skulemusikk satsar på tiltak som inkluderer alle i staden for å søkje midlar til eksempelvis opplæring av busette flyktningar spesielt. Dette er inkludering utan at det er organisert som ekstraordinære tiltak.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren ser positivt på initiativet frå Solund Skulemusikk om eit felles seminar for korps i regionen.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Fylkeskommunen støttar Norges Musikkorpsforbund Nordvest for sitt regionale arbeid med over 200 korps. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	224 600	Søknadssum:	80 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Utstilling ved 200-årsjubileet for kunstnar Johannes Flintoe sitt første besøke til Kroken	Søklar:	Stiftelsen Munthehuset i Ytre Kroken		
Innhald:	<p>Utstilling i perioden 22. juni til 7. juli 2019 i samband med markering av 200-årsjubileum for Johannes Flintoe sitt første besøk i Kroken, og starten på den nasjonalromantiske epoken i målarkunsten.</p> <p>Det blir utstilling med originalmaleri frå den tidlege nasjonalromantiske perioden. Det er gallerieigar Pål Sagen, med røter frå nabogarden til Munthehuset i Kroken, som låner ut kunstverka gratis. Flintoe, Carpelan, I C. Dahl, Tidemann og Gude er mellom kunstnarane som vert representerte på utstillinga.</p> <p>I utstillingsperioden er det lagt opp til ulike kulturarrangement, m.a. foredrag om nasjonalromantikken, akvarellkurs for born og forfattarbesøk av Ragnar Hovland og Finn Tokvam. Siste utstillingsdag vert det stor kulturkveld med ulike utøvarar.</p> <p>Søklarane understrekar at Munthehuset har eit stort behov for restaurering, og at det er viktig å få den merksemda jubileumsutstillinga og dei ulike arrangementa kan gje.</p>				
Vurdering:	<p>Eit flott tiltak for å løfte kunnskapen om kunst, og for å skape auka bruk av Munthehuset.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. I søkjekriteria blir det lagt vekt på at det er ein fordel om det er eit samarbeid mellom t.d. stat, kommune og private for å bidra til betre finansiering, og at fylkeskommunen berre unntaksvis løyver midlar til tiltak som ikkje har kommunal medfinansiering. I budsjettet for tiltaket er kommune eller stat ikkje med som finansørar. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	195 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Pop Up viseworkshop for unge	Søklar:	Akademiske Maur (Svanøy Viseklubb)		
Innhald:	<p>Akademiske Maur søker om midlar til å utvikle prosjektet Pop Up viseworkshop gjennom utprøving av to pilotar. Gjennom dei korte samlingane vil ein høyre dei unge sine stemmer. Det skal utviklast visedidaktiske grep der elevdeltaking og eleven sitt ibuande</p>				

	<p>behov for å uttrykke seg sjølv er viktig.</p> <p>Til å gjennomføre dette vil ein sende Halvard Husefest Lunde rundt i fylket for å gje unge tilbod om viseworkshops. Lunde har lang erfaring frå tonesetjing, komponering og formidling. Søkjaren vil skape eit «lågterskel tilbod for høgtflygande tankar».</p> <p>At det "poppar opp" eit tilbod på sida av skule og kulturskule skal kveike evne og vilje til å formidle. Dette skal vere ei kvalitetsøkt som varer i 2-3 dagar i 3 timar. Vise er eit format der ein får nytte sitt eige språk, og det krev ingen større produksjon.</p> <p>Målgruppa er unge mellom 12 og 20 år. Ein vil samarbeide med lokale organisasjonar som har lokalitet og kontaktnett, t.d. filmklubbar, folkeakademi, kulturskular og UKM. Ein har mål om 8 popups i løpet av eit skuleår.</p>			
Vurdering:	<p>Eit spennande og nyskapande tiltak for å løfte arbeidet med viser blant barn og ungdom.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket med omreisande «viseworkshop» har eit avgrensa regionalt nedslagsfelt. I budsjettet har ein lagt inn støtte på kr 28 500 kr frå fylkeskommunen og kr 4000 frå kommunen. Tiltaket kunne med fordel hatt ein betre finansieringsplan og ein meir gjennomarbeidd prosjektplan.</p> <p>Vi tilrår søkjar å prøve ut tiltaket lokalt for å gjere erfaringar før regional vurdering. Tiltaket kan ha potensiale som produksjon innan Den kulturelle skulesekken.</p> <p>Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>			
Budsjett:	33 500	Søknadssum:	28 500	Vedtak: 0

Tiltak:	Etablering av to nye Economuseum i Sogn og Fjordane	Søkjar:	Det Kongelige Selskap for Norges Vel	
Innhald:	<p>Norges Vel søker om støtte til å få etablert to nye economuseum i Sogn og Fjordane innan utgangen av 2019. Målet med economusea er å sikre at tradisjonell handverksproduksjon blir tatt vare på og får utvikle seg som ei berekraftig næring på Vestlandet og i Norge.</p> <p>Economusea i Norge har sitt utspring frå eit internasjonalt nettverk etablert i Canada i 1992, og som i dag har omkring 70 medlemsbedrifter i Canada og Europa. Ideen er å vise fram levande handverk og tradisjonell kunnskap, ta vare på kultur og tradisjonar, og kombinere kultur, økonomi og turisme. Kjernen i konseptet er at bedriftene skal ta vare på kulturarven dei representerer, og oppnå lønsam drift både gjennom sal av eigne produkt og kulturhistoriske formidlingsaktivitetar. Bedriftene går altså frå å vere reine produksjonsbedrifter innan eit tradisjonelt handverk til å også bli opplevings- og reiselivsbedrifter eller «levande museum».</p> <p>Det er danna eit nettverk av produsentar på Vestlandet. I nettverket finn ein i dag av 11 bedrifter i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal. Alle bedriftene driv med handverk-/kunsthandverk, og tar vare på tradisjonar og kulturarv. To av verksemdene i nettverket har produksjonen sin i Sogn og Fjordane i dag. Dette er Aurlandskøen skofabrikk i Aurland og Ciderhuset i Balestrand.</p> <p>Ønsket om å etablere eit nettverk av economuseum i Norge handlar m.a. om konkurransen frå lågprisland på tradisjonelle, norske handverksprodukt, og at mange bedrifter flaggar ut produksjonen. Suvenirmarknaden er stor, men mykje av det som blir selt er ikkje produsert i Norge. Å etablere og vidareutvikle av economuseum i Norge vil vere eit godt tiltak for å bevare og styrke norsk handverksproduksjon. Logo, merking og skilting vil vere eit gjenkjenneleg kvalitetssymbol for besøkande.</p>			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på etablering av Economemuseum som eit viktig tiltak for å sikre handverksproduksjon og utvikle den som næring.			

	<p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. I retningslinjene for kulturmidlar er det slått fast at tilskotsordningane ikkje skal nyttast til næringsetableringar innan kulturnæringane. Norges Vel søkte næringsmidlar hos fylkeskommunen i 2016 og 2017 om Ciderhuset som Economuseum, og fekk avslag. Vi viser her til Innovasjon Norge sine stønadsordningar og kommunale næringsfond.</p> <p>Søknaden denne gongen handlar om å identifisere og ev får godkjent to nye bedrifter som Economuseum i Sogn og Fjordane. Det vil vere av interesse å få gjort ei vurdering av om det er grunnlag for fleire slike etableringar i Sogn og Fjordane. Gjennom arbeidet med lokale kulturminneplaner har fylkesdirektøren god oversikt over prioriterte kulturminne/ tiltak i kommunane, og det ville vere relevant å sjå ev vidare utvikling av Economuseum i fylket opp mot dette. Søkjar er for lite konkret på korleis arbeidet ev skal gjennomførast, og det trengst meir tid til drøftingar rundt prosess, kriterier for val av bedrift(er), m.m. Fylkesdirektøren går gjerne i dialog med Norges Vel om vidare arbeid på dette området. Søknaden som ligge føre no vert avslått.</p>				
Budsjett:	910 000	Søknadssum:	300 000	Vedtak:	0

Tiltak:	To konsertar i høve 140-års jubileum	Søkjar:	Sogndal songlag		
Innhald:	<p>Sogndal songlag fyller 140 år i 2019. Koret har sidan starten vore ein viktig bidragsytar i kultur- og organisasjonslivet i Sogndal og Sogn og Fjordane. Koret planlegg jubileumsfeiring i Sogndal ei helg i november 2019. Det vert lagt opp til to klassiske konsertar denne helga.</p> <p>Laurdag ettermiddag vert det kammerkonsert i Blaoboxen i Sogndal kulturhus. Medverkande vert distriktsmusikarar og tilreisande profesjonelle musikarar. Søndag ettermiddag vert det jubileumskonsert i Stedje kyrkje der Sogndal songlag skal framføre Gloria av Antonio Vivaldi og Messe i G-dur av Franz Schubert. Songarar frå ungdomskoret Røyst vil delta. Orkesteret vert sett saman av distriktsmusikarar frå Sogn og Fjordane og innleigde profesjonelle musikarar frå Bergensfilharmonien. Musikalsk leiar vert Bjørn Gisle Seter.</p> <p>Målgruppa for konsertane er publikum frå Sogndal og omkringliggande kommunar.</p>				
Vurdering:	<p>Eit flott arrangement i høve 140-års jubileet til Sogndal songlag.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men lokalt. Vi oppmodar søkjar om å søkje støtte frå kommunen. Det blir også slått fast i retningslinjene for kulturtilskot at ein ikkje støttar jubileumsarrangement, dette vert sett på som ein del av drifta til laget og må støttast innan ordinært budsjett. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	240 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Ferdigstilling av prosjektet «historisk film Oldedalen»	Søkjar:	Dag Asle Mykløen		
Innhald:	<p>I 2017 fekk Dag Asle Mykløen m.fl. midlar til prosjektet «historisk film Oldedalen» frå Sparebankstiftinga og Stryn Kommune, og søkjer no om midlar til ferdigstilling av arbeidet. Søkjarane har jobba med å få fram gamal film og bilete frå skuffer og skåp i bygda, og få stoffet digitalisert og montert saman til ein historisk film om Oldedalen.</p> <p>Tiltakshavarane har no fått avtale med museet ved Universitetet i Bergen som vil plukke fram og vise oldtidsfunn gjort i bygda. Søkjarane vil derfor ta med nokre eldre</p>				

	<p>«lokalhistorikarar» frå Oldedalen til Bergen, slik at dei med eigne auge kan få sjå kva forfedrane deira etterlet seg i jorda.</p> <p>Ein har nytta lokal kompetanse til å administrere prosjektet og bearbeiding av innsamla stoff til ferdig historisk film. Utflytta NRK-produser Dag Indrebø og videoteknisk ekspert Dag Asle Mykløen har produsert videofortellingar i fleire år. Mykje av digitaliseringsarbeidet blir sett bort til firmaet Filmdigitalisering A/S i Innvik.</p> <p>Søklarane har samla inn og digitalisert eldre film og bildestoff frå bygda (20 timar film og om lag 300 bilder), og er i ein hektisk produksjonsfase for «Filmen om Oldedalen» - ein om lag timeslang historisk dokumentar. Filmen skal ha premiere på den lokale kulturfestivalen «Gullroten» 3. august i år.</p>					
Vurdering:	<p>Eit godt og viktig tiltak for å sikre at lokalhistoria til Oldedalen blir tatt i vare og kan formidlast.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>290 000</td> <td>Søknadssum:</td> <td>60 000</td> <td>Vedtak:</td> <td>0</td> </tr> </table>	290 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak:	0
290 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak:	0		

Tiltak:	Fem i stein	Søklar:	Mari Askvik
Innhald:	<p>Fem i stein er ein nyoppretta kyrkjekunstserie i dei fem mellomaldersteinkyrkjene i Indre Sogn: Leikanger kyrkje, Vangen kyrkje i Aurland, Dale kyrkje i Luster, Kvamsøy kyrkje i Balestrand og Hove kyrkje i Vik. Kulturtiltaket er oppretta og driven av Mari Askvik og Ingrid Askvik. Tanken er at Fem i Stein skal kunne vere ein ny kulturarena for desse fem kommunane og at ein framover vil tilby desse fem steinkyrkjene ein eller to produksjonar i året, konsert, teaterstykke eller danseframsyning.</p> <p>Gjennom prosjektet vil søkjaren bidra til eit variert kulturtilbod i regionen, tilby profesjonell kulturformidling til born og unge, samt inkludere kunstnarar med lokal tilknytning. Prosjektet ein søker om midlar til i 2019 er todelt, med mål om vidare arbeid i 2020:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forprosjekt "MARIA - ein konsertforestilling med Mariasoger og Mariaviser frå mellomalderen til Mellom-Amerika". • Produksjon av «In my end is my beginning» med framføring i fem steinkyrkjer. <p>I 2019 søker ein om midlar til del 1 av prosjektet "MARIA - ein konsertforestilling med Mariasoger og Mariaviser frå mellomalderen til Mellom-Amerika". Forprosjektet / del 1 vil bli gjennomført i Leikanger og med framføring i Kvamsøy kyrkje i juni 2019. Dei to neste delane blir gjennomført i 2020 med turné til steinkyrkjene i Leikanger, Luster og Aurland i mars 2020, og framsyning i Hove kyrkje i Vik i tilknytning avdekking av Hovemadonnaen sommaren 2020.</p> <p>Det blir også søkt om midlar til prosjektet «In my end is my beginning», med m.a. turné i september 2019 til steinkyrkjene Leikanger kyrkje, Vangen kyrkje i Aurland og Dale kyrkje i Luster. I tillegg skal konserten spelast i Bergen Domkirke og Uranienborg kirke i Oslo. Dette er ein turné saman med det profesjonelle koret JSB-Ensemble Oslo og barokkmusikarar frå heile Skandinavia.</p> <p>Det er søkt om støtte frå involverte kommunar, samt Norsk kulturråd til tiltaka. «In the end is my beginning» er så langt støtta av Norsk kulturråd, FFUK, Oslo kommune og Bergen domkirke.</p>		
Vurdering:	Fem i stein er eit spennande og nyskapande tiltak der nye produksjonar blir formidla i steinkyrkjene i Indre Sogn.		

	Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er planlagt i eit større geografisk område og har eit tydeleg utviklingsaspekt både når det gjeld musikkproduksjonen og arenaen som blir brukt i framføringa. Ein har mål om at tiltaket skal bli ein fast aktivitet. Tiltaket er støtta både nasjonalt og lokalt. Fylkesdirektøren støttar tiltaket.				
Budsjett:	622 000	Søknadssum:	70 000	Vedtak:	50 000

Tiltak:	Konsertar i Gulen om Henrik Wergelands liv	Søkjar:	Espen Selvik		
Innhald:	Søkjar har tidlegare år skipa til Gulen-festivalen i juni og juli med konsertar i Eivindvik og Brekke. I år ynskjer ein å ha Henrik Wergeland som tema for arrangementa, sidan slektsgarden hans ligg på Verkland i Gulen og den store diktaren vitja området i 1832. Pianist Marina Kan Selvik spelar klaver og Espen Selvik held føredrag og introduksjonar. Dei vil formidle historia om Wergelands liv til eit breitt publikum, og arrangere konsertar på Verkland gard i Brekke kyrkje, på Gulatingsstaden Flolid og Gulen kyrkje. Arrangementa på Verkland gard og Gulatingsstaden vil vere tilpassa også barn og familiar.				
Vurdering:	Eit spennande tiltak for å løfte Henrik Wergeland gjennom kulturarrangement. Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men lokalt. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	25 000	Søknadssum:	15 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Vandringsbok for Kongevegen	Søkjar:	Janne Karin Støylen		
Innhald:	Søknaden gjeld manusutvikling og fotografering til ei vandringsbok for Kongevegen mellom Vang i Valdres til Lærdal og Lærdalsøyri. Boka er planlagt utgitt hausten 2020 i samarbeid med Skald forlag. Vandringsboka vil presentere den 10 mil lange turvegen for turgåarar frå ulike perspektiv. Kongevegen over Filefjell stod ferdig i 1793 og var den første vegen der folk kunne køyre med hest og kjerre mellom aust og vest i Norge, og mellom Christiania og Bergen. Partiet mellom Vang og Lærdal var det mest spektakulære. I dag er vegen mellom dei finaste veghistoriske kulturminna i Europa. Boka vil ta føre seg vegen historisk og filosofisk, presentere natur- og dyrelivsopplevingar langs ruta, innehalde intervju av menneske ein møter, skildring av kulturminne og stadar å kvile, ete og sove, og skildre ulike ruter og etappar.				
Vurdering:	Eit spennande prosjekt for å kunne formidle historia om Kongevegen mellom Vang i Valdres og Lærdal i fortid og notid. Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. I retningslinjene for kulturtilskot blir det slått fast at tilskotsordningane ikkje kan nyttast til utgjeving/publisering av litteratur. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	450 000	Søknadssum:	150 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Prosjekt – Førde, volleyballens mekka	Søkjar:	Førde volleyballklubb		
Innhald:	Førde volleyballklubb søker finansieringsstøtte for å satse internasjonalt og nasjonalt og arbeide vidare med rekruttering og tilrettelegging av utdanning for spelarar. Den store				

	<p>aktiviteten i klubben set Førde og Sogn og Fjordane på kartet og har ein kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket.</p> <p>Prosjektet med deltaking i alle NM aldersbestemt, NM for senior og deltaking internasjonalt er ei satsing på utvikling. Førde volleyballklubb meiner dei er eit «mekka» fordi ein har mange spelarar på junior- og seniorlandslag, av begge kjønn. Klubben deltek også i eliteserien, norgesmeisterskap og europacupen for både damer og herrar. I januar 2019 tok ein gull i cupfinalen både for herre- og damelaget som den første klubben i landet. Fleire i klubben tek også utdanning, noko som blir verdsett i klubben.</p> <p>Førde volleyballklubb er ein av landet sine beste eliteklubbar på både herre- og damesida. Samstundes er det ein breiddeklubb som gjev treningstilbod på høgt nivå både til gutar og jenter frå og med 2.klasse og opp til juniornivå.</p>				
Vurdering:	<p>Førde volleyballklubb markerer seg nasjonalt og internasjonalt, og har jobba godt med å bygge opp eit breiddetilbod.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er ikkje vurdert til å vere regionalt, men primært lokalt. Fylkeskommunen støttar Sogn og Fjordane idrettskrins sine tiltak der særkrinsane sin aktivitet skal støtte lokale lag. Tiltaket er heller ikkje prioritert av SFIK i utviklingsavtale. Tiltaket ein søker om støtte til er ikkje innanfor kunstproduksjon og -formidling, slik det er krav om for å kunne få støtte. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	560 000	Søknadssum:	250 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Fotoprojekt og utstilling, Kongevegen over Filefjell	Søklar:	Luca Berti		
Innhald:	<p>Luca Berti vil lage eit fotodokumentarisk verk om kulturlandskap, menneske og arkitektur langs Kongevegen over Filefjell. Den italienske fotografen Luca Berti vil gjennomføre ei reise over 30 dagar på sykkel og til fots for å fotografere natur, kulturlandskap, tradisjonell arkitektur og menneske langs vegen. Prosjektet følgjer den fotodokumentariske stilen frå byrjinga av det 20. århundre, basert på estetisk realisme og historisk medvit.</p> <p>Prosjektet er tenkt gjennomført i tre fasar: 1. Reiser og fotodokumentasjon. 2. Etterarbeid og framkalling. 3. Utstilling. Prosjektet blir gjort i samarbeid med Valdres Natur og Kulturpark, og det blir søkt om midlar frå lokale kommunar og fylkeskommunar. Målet er utstilling i Vang bibliotek og Lærdal kulturhus i 2020, evt. fleire stader. Etter prosjektslutt har Berti mål om å gje ut ei fotobok om Kongevegen.</p>				
Vurdering:	<p>Eit spennande fotoprojekt med mål om utstillingar i Oppland og Sogn og Fjordane.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er vurdert til å ha eit avgrensa nedslagsfelt geografisk. I retningslinjene for kulturtilskot blir det m.a. slått fast at tiltak som blir støtta skal ha verdi for større delar av fylket, bidra til utviklinga av kulturlivet i fylket og vere nyskapande og ha mulig verdi som pilotprosjekt. Fylkesdirektøren vurderer prosjektet til å ikkje svare ut dette i stor nok grad til å kunne få støtte. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	240 000 DKK / 315 00 NOK	Søknadssum:	40 000 DKK / 52 500 NOK	Vedtak:	0

Tiltak:	Grindstone Security	Søklar:	Grindstone Security Dag Sørebo		
Innhald:	<p>Grindstone Security ønskjer å tilby næringslivet og offentleg sektor forskningsbasert tilbod om horisontskanning knytt til vitskapelege artikkelar. Det er spesielt fokus på sikkerheitskultur</p>				

	i arbeidet. I følge søkeren vil arbeidet vere «like mye en ny kunstform som vitenskapelig heuristikk».				
Vurdering:	Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. I retningslinjene for kulturmidlar er det slått fast at tilskotsordningane ikkje gjeld utgifter til næringsetableringar innan kulturnæringane. Vi viser her til Innovasjon Norge sine stønadsordningar og kommunale næringsfond. På bakgrunn av dette avslår Fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	200 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0